

Utsleppssektor	Nr.	Klimatiltak	Reduserte utslepp [tonn CO <sub>2</sub> e]				Ansvar	Status v/årsrapport 2023
			2022	2023	2024	2025		
<b>Scope 1 - Direkte utslepp, kvantifiserbare</b>								
Sjøfart	1	* Overgang til elektriske ferjer	Ligg i framskrivinga (38 100 tonn CO <sub>2</sub> e)				Samferdsel	I 2023 vart CO <sub>2</sub> -utslepp frå kollektivtrafikk med buss, båt og ferje i Møre og Romsdal redusert med 38 prosent samanlikna med 2019.
Vegtrafikk	2	* Overgang til elektriske bussar, rutepk. 1-2	Ligg i framskrivinga (38 100 tonn CO <sub>2</sub> e)				Samferdsel	I 2023 vart CO <sub>2</sub> -utslepp frå kollektivtrafikk med buss, båt og ferje i Møre og Romsdal redusert med 38 prosent samanlikna med 2019.
Vegtrafikk	3	* Overgang til elektriske bussar, rutepk. 3-6			1280	7539	Samferdsel	I 2023 vart det skreve ny kontrakt på rutepakke 3 (Molde og Gjemnes) som inneber store utsleppskutt. Frå 2025 vil bussane i rutepakka vere utsleppsfrie.
Vegtrafikk	4	* Eldrivne tenestebilar i fylkesvegavdelinga	60	60	60	60	Samferdsel	12 eldrivne tenestebilar er i drift. Fylkesvegavdelinga har solgt 3 fossilbilar og donert 1 til Ukraina.
<b>SUM</b>			<b>60</b>	<b>60</b>	<b>1340</b>	<b>7599</b>		
<b>Scope 1 - Direkte utslepp, ikkje kvantifiserbare</b>								
Sjøfart	5	* Undervisningsfartøy	Ikkje berekna				KON (kompetanse)	Prosjektet er forsinka. Det er utlyst ein konkurranse for å anskaffe tre undervisningsfartøy (hybridbåtar) til ein totalsum på 60 mill. kroner. Reduserte utslepp er ikkje berekna.
Vegtrafikk	6	* Utsifting av køyretøyparken på skulane					KON (kompetanse)	Det er kjøpt ein ny ebil i 2023 (Kristiansund vgs)
Vegtrafikk	7	Samordning av transportkjøp					Samferdsel, v/FRAM	Det har blitt gjennomført møter med Helse Midt-Norge RHF for å sjå på moglegheiter for ei samordningsløsning av transportkoordinering og -kjøp. Førebels er det avdekkja fleire større utfordringar som vil vere til hinder for dette, men dialogen held fram.
Sjøfart/vegtrafikk	8	Forskningsprosjekt på samferdselsområdet					Samferdsel, v/FRAM	Samferdselsområdet har i løpet av 2023 gjennomført møte med fleire aktørar – mellom anna med andre fylkeskommunar, kommunar, departement, ulike statlege etatar, forskingsinstitusjonar og andre organisasjonar, leverandørar og entreprenørar. Eksempel på dette er møte i forskningsprosjektet SUSTAIN samt møte knytt til Bypakke Kristiansund. Forskningsprosjektet Smartare transport i samarbeid med SINTEF og andre aktørar blei avslutta med sluttrapport i 2023. Samferdselsområdet deltek i prosjektet ZEVS leda av TØI med støtte frå Norges Forskningsråd. Målet med prosjektet er utarbeiding av eit nasjonalt kartverktøy for meirkostnader ved innføring av utsleppsfrie hurtigbåtar med tilhøyrande infrastruktur, alternative ruteopplegg, båtdesign og utsleppsberäkningar, samt kostnadseffektive anbudsprosessar og forretningsmodellar.
	9	Gjenbruk i FRAM sine nye kontraktar					Samferdsel, v/FRAM	Gjenbruk er vurdert i førebuande arbeid i alle FRAM sine nye driftskontraktar. Gjenbruk av vegutstyr i utbyggingsprosjekt er vurdert der det er aktuelt.
<b>SUM</b>			<b>Ikkje berekna</b>					
<b>Scope 2 - Indirekte utslepp, energi ikkje kvantifiserbar</b>								
Energiforsyning	10	* Redusere energibruken i egne bygg	Ikkje berekna				BYE	I 2023 var forbruket 87 kWh/kvm i elektrisitet, 107 kWh/kvm inkl. fjernvarme. I 2022 var forbruket 90 kWh/kvm i elektrisitet, 109 kWh/kvm inkl. fjernvarme. I 2021 var forbruket 93 kWh/kvm i elektrisitet, 112 kWh/kvm inkl. fjernvarme.
Energiforsyning m.	11	Redusere klimagassutsleppa frå egne bygg					BYE	Det er vedtatt eit mål om 5% reduksjon av klimagassutslepp frå den fylkeskommunale bygningsmassen. Energibruken i bygga er den parameteren som påverkar mest i høve til utslepp frå bygningsmassen i drift. For 2023 var det planlagt å rekne tal for utslepp frå energibruken i tillegg til utslepp generert frå egne reiser, men det har vi ikkje klart. Målsetningen er å få kartlagt dette i 2024.
<b>SUM</b>								
<b>Scope 3 - Indirekte utslepp, ikkje kvantifiserbar</b>								
Avfall og avlaup	12	*Miljøstasjonar på alle skulane	Ikkje berekna				BYE/KON	BYE: Mål om 5 % reduksjon i restavfall frå fylkeskommunale skolebygg. Ansvar for kildesortering ligg til den einskilde verksemda, og rapportering skjer gjennom miljøfyrtårn systemet med rapporteringsfrist 10. februar. Det er utfordringar i ulik praksis og kvalitet hjå dei ulike renovasjonsselskapa, som gjer det vanskeleg å samanlikne frå år til år. Arbeidet med dette bør koordinerast med miljøfyrtårn og det bør arbeidast med å stille forventningar til at renovasjonsselskapa kan levere tal på mengder av dei ulike avfallsfraksjonane som vert levert.
Avfall og avlaup	13	Avfallshandtering i utbyggingsprosjekt på fylkesveg					Samferdsel	Avfall handterast med minst 80 prosent sortering i vegutbyggingsprosjekt.
Vegtrafikk	14	Kontraktarådgiar					Samferdsel, v/fylkesvegavdeling	Det er stadig jobbing med klimakrav i kontraktene, både innan vegdrift og vegprosjekt. I 2023 vart asfaltkontraktane tildelt ut i frå vektning av klimagassutslepp. Frå 1.1.2024 er det krav om 30 % vektning av klima i alle kontraktar.
Vegtrafikk	15	Aluminiumsbru					Samferdsel, v/ fylkesvegavdeling	Rapporten «LIVSSYKLUSANALYSE AV ERSTATNINGALTERNATIVER FOR GRØTTA BRUA» utarbeidet av iKuben/Møreforskning viser at over hele livssyklusen av brotypene, hvor resirkuleringspoeng er inkludert vil aluminium brotypen ha det laveste avtrykket målt i CO <sub>2</sub> -ekvivalenter. FoU-kontrakt er planlagt inngått i 2024.
Vegtrafikk	16	Klimabudsjett og -rekneskap for bygging av Nerlandsøybru					Samferdsel, v/fylkesvegavdeling	Entreprenør rapporterer hver måned klimagassutslipp, og skal levere EPD (Environmental Product Declaration) for asfalt, konstruksjonsbetong og armeringsstål og alle øvrige produkter hvor det finnes EPD. Entreprenør har levert EPD for konstruksjonsbetong og armeringsstål. Entreprenør bruker lokale entreprenører, bl a Ulstein Betong. Prosjektet er midt i byggeperioden.
Vegtrafikk	17	Verdianalyse og verdioptimalisering av fv. 60 Tomasgard - Røyhus bru					Samferdsel, v/fylkesvegavdeling	Politisk sak om konseptval vart lagt fram på bakgrunn av verdianalyse og verdioptimalisering. Anbefalt løysing ut i frå kostnad og klima (gjenbruk av eksisterande vegline), vart ikkje vedtatt. Fylkestinget vedtok å vidare med trasé som i vedtatt kommunedelplan.
Vegtrafikk	18	Krav om CO <sub>2</sub> -rapportering i nye vegdriftskontraktar					Samferdsel, v/fylkesvegavdeling	Det er innført tiltak for å redusere klimagassutsleppa i vegdriftskontraktane, mellom anna krav til redusert utslepp på bilar/maskinar i vinterdrifta og mannskapsbilar, samt krav til årleg rapportering av utslepp frå entreprenørane.
Vegtrafikk	19	Frådrag i konkurransesummen ved klimatiltak i vegdriftskontraktar					Samferdsel, v/fylkesvegavdeling	Det er auka fokus på klima ved produksjon og utlegging av asfalt, både i form av gjenbruk, bruk av lågtemperatur-asfalt og lengre levetid som følge av betre kvalitet. I asfaltkontraktane for 2023 vart klima brukt som tildelingskriterium i form av at reduksjon av CO <sub>2</sub> -utslepp vart premiert i tildelinga.
<b>SUM</b>								
<b>Tiltak som påverkar andre sine utslepp</b>								
Vegtrafikk	20	Sykkelvegar	Ikkje berekna				Samferdsel	Ny gang- og sykkelveg langs fv. 65 mellom Vindøla og Røv i Surnadal kommune vart opna i 2023. I 2023 vart det starta opp bygging av sykkelfelt og fortau i Tonningsgate, Ålesund.
Energiforsyning	21	Skaparkraft					KON	Det er utløyst utviklingsarbeid for til saman 29 mill. kroner, der 13,8 mill. kroner er tilskot og 15,2 mill. kroner er eigeninnsats frå programsatsinga Skaparkraft, fordelt på satsingane grønne industrielle løft, smart teknologi, fornybar energi og kompetanse i og for næringslivet
Vegtrafikk	22	Plan for energistasjonar og ladepunkt					KON	Plan for energistasjonar og ladepunkt for ein fossilfri transportsektor i Møre og Romsdal er ferdigstilt.
Vegtrafikk	23	Bypakkar					Samferdsel	Innføring av bompengar i Ålesund og ruteendringar både i Ålesund og Kristiansund i perioden har nok vore ein sterk bidragsytar til den positive utviklinga for bussreiser. I tillegg ser ein at andelen periodebilletter reiser har auka frå 54 prosent i 2019 til 65 prosent i 2023.
Vegtrafikk	24	Auke i talet på passasjerar med kollektivtrafikk					Samferdsel	Talet på kollektivreiser med buss (utan skoleskyss) har auka med 9 prosent samanlikna med 2019. Her er det spesielt bybussane i Ålesund og Kristiansund som dreg opp snittet med 23 og 9 prosent auke. Talet på reiser med hurtigbåt (utan skuleskyss) har auka med 3 prosent samanlikna med 2019, kor Langevågsruta utpregar seg med ein auke på over 14 prosent.
Vegtrafikk	25	Bestillingstransport og mobilitet					Samferdsel	I 2023 var pilotprosjektet med bestillingstransport til og frå flyplassen i Ørsta/Volda vidareført som eit fast tilbod. Den ny driftskontrakta for buss i Kristiansund, Averøy, Aure og Smøla, er den første driftskontrakten der bestillingstransport er lagt inn som ein del av kontrakten frå start. I 2023 har mobilitetsmiljøet i FRAM på Campus Kristiansund delteke i fleire mobilitetsprosjekt, og i mobilitetsnettverk saman med både offentlege og private aktørar. FRAM har i denne samanheng fokus på å betre mobiliteten for innbyggjarane, og på å utvikle transporttilbodet i samspel med andre aktørar sine tilbod.
	26	Materiallager for bygningsvern					Kultur	Fylkeskommunen arbeider med moglegheitene for å lagre bygningsdelar, eit materiallager, som kan brukast i nye byggeprosjekt.
	27	Miljøfyrtårnkurs til tilskotsmottakarar					Kultur	Det har blitt arrangert to kompetanseheevande kurs i klima og miljø for tilskotsmottakarar på kulturområdet. Stiftinga Miljøfyrtårn, Statsforvaltaren, Moldejazz og fylkeskommunen var ressursar på kursa.
	28	Bibliotek og bærekraft i Møre og Romsdal					Kultur	Fylkeskommunen har arbeidd med prosjektet "Bibliotek og bærekraft i Møre og Romsdal" saman med folkebiblioteka i kommunane Sunndal, Hareid, Sula og Ålesund.
Vegtrafikk	29	Betalt parkering på fylkeskommunale parkeringsplassar	BYE	Blir følgt i opp prosjektet Fremtidens mobilitet saman med Molde kommune.				
<b>SUM</b>								